

Leder Tyrkias fall

Erdogan slokker lyset

Tyrkia forsetter glideflukten vekk fra demokratiet. Bare EU kan redde situasjonen nå.

Fredag slo regjeringens spesialstyrker til igjen. Redaksjonslokalene til avisa Zaman i Istanbul ble overtatt av representanter for myndighetene i Ankara, etter at en domstol, uten nærmere begrunnelse, besluttet at avisen skulle settes under administrasjon.

Bakgrunnen er etter alt å dømme at den populære avisa, med et opplag på over 650.000 daglige eksemplarer, blir beskyldt for å stå i ledtog med Fetullah Gülen, som er en tidligere alliert av Tyrkias sterke mann, president Tayyip Erdogan. Gülen, som er en innflytelsesrik muslimsk leder, har bosatt seg i USA.

Overtakelsen av avisa skjedde til sterke protester, og det ble igjen avfyrt tåregass og vannkanoner mot demonstranter i Istanbul. Mange sårede trengte legebehandling etter sammenstøtene.

Tyrkia holder et sverd over hodene på EUs politikere.

I dag reiser den tyrkiske statsminister Ahmed Davutoglu til Brussel for å delta i et viktig toppmøte med EU-lederne. Johannes Hahn, som er EU-kommisjonær med

ansvar for utvidelser av unionen, sa i en twittermelding at han er «ekstremt bekymret» for utviklingen i Tyrkia, særlig når det gjelder ytringsfrihet, og at EU ikke kommer til å inngå kompromisser med Ankara på dette området.

Det er selvsagt enda en dårlig nyhet i noe som allerede i begynnelsen av mars tegner til å bli et særdeles krevende år for verdenssamfunnet. Tyrkia er medlem i Nato og en av Norges allierte i Midtøsten. Men mer og mer tyder på at det blir mindre og mindre interessant for Erdogan å nærme seg EU, i alle fall hvis dette betyr at han må løse på jerngrepet han har festet over sitt eget folk.

Det er sannsynligvis bare EU som på kort sikt kan presse Tyrkia i en mer demokratisk retning. USA er for tiden mer opptatt av sine indre politiske forhold, en situasjon som vil vare ved i alle fall til en ny president er tatt i ed i januar neste år. EU må benytte anledningen til å snakke i klartekst til Ankara. Europa er det viktigste markedet for tyrkiske varer, og landet har hatt svært god nytte av handelsavtalene som er inngått.

På den annen side holder Tyrkia et sverd over hodene på europeiske politikere. Landet er transittområde for millioner av flyktninger. Skulle Tyrkia ønske det, kan de dirigere enda mer av denne humanitære tragedien inn i EU. Det er et mektig pressmiddel.

**PITTER**

Det skulle ikke mer til enn en kommune-reform før siddisene blir jærbuur.

Gjestekommentar

Mot soleglad

Heller enn hendene er det kanskje hovuda våre som treng omstilling.



Klaus Mohn
Professor, Handels-
høgskolen ved
UIS og NHH

Siste veka har gitt eit kjærkome avbrekk frå kvardag, kuling og kulde. Eg er i Tanzania for å undervise ved Universitetet i Dar-es-Salaam. Einsemd og internettfri gir rikeleg med tid til ettertanke. Etter varme dagar med førelising søkk eg saman i ein djup stol på ute-restaurant eit par timar før sola går ned. Med Indiahavet like framom, Havboka i fanget og ein lokal pils innan rekkevidde kan tankane flyge fritt i solgangsbrisen.

«Man måste jämföra»

Stundom er det godt å stoppe opp, ta eit skritt til sida og sjå verda litt på skrå. Heime er det sjeldan høvet byr seg. Heime har ein det alltid travelt. Altfor ofte er det noko ein skal rekke. I Tanzania går det meste rolegare for seg. Og det smittar. For meg er rikdom å sleppe kampen mot klokka, om berre for ei lita stund. Det skjer så altfor sjeldan. Kor rik kan ein eigentleg være om ein ikkje eig si eiga tid?

Mens sola dalar loddrett ned på bakhimmelen ser eg for meg dei sterke kontrastane mellom byen eg kjem frå og byen der eg no er på besøk, Dar-es-Sala-

Kva gjer eg no, spurte eg, avkledd og hjelpelaus, utan pc og powerpoint. «You carry on», kom det tørt frå mørkret.

am med 4,5 millionar innbyggjarar. Så mykje lengre mellom dei rike her enn heime, og så mykje kortare mellom smila i gatebiletet. I startgropa av ei økonomisk reise Stavanger allereie har lagt bak seg, fulle av håp om at store gassfunn i Indiahavet kan omsettast til vekst og velferd.

I Stavanger nærmar me oss den andre enden av saga. Omsider buttar det imot. Søkkrike står me ved krossvegen. Bak oss ligg eit oljefyrt eventyr utan sidestykke, men likevel er me ikkje heilt i harmoni. Smått uroa av utsiktene, og lett paniske for at framgangen ikkje skal halde fram. I sanning ei merkeleg verd, slår det meg mens skuggane blir lengre og den varme vinden slepp taket i trea.

Aldri så galt...

Kor gale kan det eigentleg være med ein pust i bak-

ken? Har ikkje min eigen kollega Venke Furre Haaland og SSB-forskar Kjetil Telle kome til at nedgangstider faktisk kan betre helsetilstanden og redusere risikoen for å dø? Dette er forskning fleire kunne trøyste seg med, og kanskje spesielt i Stavanger-regionen. For dei som ventar på gode tider på våre kantar, bør truleg ha god tid.

Omkvedet no om dagen er omstilling. No går løsen i jakta på innbytarar etter som oljenæringa har teke steget frå broiler til bremsekloss. Fornybar energiteknologi, innovasjon og entreprenørskap, kommersialisering av idéar og hipster-økonomi. Alle vil være den nye olja. Slik at aktivitet og sysselsetting kan haldast ved lag. For ei framtid utan vekst er meir enn fantasien kan fatte, lèt det til. Heller enn hendene er det kanskje hovuda våre som treng omstilling? Om utsiktene flytter på seg så gjer ein klokt i å flytte med, tenker no eg.

Sollyset mjuknar og eg minnst dagen då strau- men gikk under førelesinga mi. Brått blei det mørkt. Ein einaste person i rommet blei overraska, og det var meg. Straumbrot er daglegdags på desse kantar, spesielt når det har regna. Kva gjer eg no, spurte eg ut i rommet, avkledd og hjelpelaus, utan pc og powerpoint. «You carry on», kom det tørt frå mørkret.

På våre kantar er straumforsyning ei sjølvsgagt sak, men slik er det altså ikkje over alt. Eg kan ikkje fri meg frå tanken om at framgang og vekst kanskje òg kan ha blitt ei sjølvsgagt sak for oss som er sende til værs av oljerikdommen. Kva gjer ein om veksten ikkje kan vare? Svaret er det same: Ein får vel halde fram som best ein kan.

Ope sinn gir best innsikt

Når lyset bøyer av, blir boka til overs og spinnnet får fritt spelrom. Heller enn stagnasjon vil dei fleste av oss høyre om vekst. Vekst i inntening, sysselsetting

og velferd. Der eg duvar i kvite puter, tenker eg at mange år i medvind kan ha medført ei kognitiv slagside i retning ønsketenkning. Lenge gikk det godt. Men no blinkar varselampen og autopiloten tryglar om oppgradering. For få tenker over kva ein skal gjer om veksten ikkje kjem. Utan vilje til innsikt kan ein gjerne ha fleire vonbrot i vente.

Frå strandkanten i Dar-es-Salaam gjer tanken eit sprang over Afrika og Atlanterhavet, rett inn i tradensjonen mellom økonomiske tungvektarar i USA. Lawrence H. Summers, Ben Bernanke, Robert J. Gordon og Paul Krugman ser verda på ulikt vis. Men alle fire uroar seg for at veksten i verda kan bli svak i lang tid. Det Internasjonale pengefondet (IMF) har nedjustert utsiktene kvart einaste år sidan 2010. Men ingen vil høyre på slikt. For veksten kjem jo på sikt.

Ved Indiahavet er sola på veg ned. Med lyset i ryggen ser ein at natta snik seg på. Oppsvinget kjem mot slutten av året, seier mange – i verdsøkonomien, i oljeprisen og i norsk økonomi. Mon det, tenker eg. Syns nemleg eg har høyrt det før. Oppsvinget blir utsett gong på gong. «Lower for longer» er det nye slagordet i oljemarknaden. Og om veksten i verdsøkonomien ikkje snart skyt fart, må gudane vite kva tid oljeprisen kjem opp.

Atter ein dag

Medan tida for teppefall kjem nærmare og myggnettet lokkar mildt, tenker eg at det gjerne kan bli verre før det blir betre både for Dar-es-Salaam og for Stavanger. Men samstundes kjennest det som om det kanskje ikkje er så ille likevel, når alt kjem til alt. Og at noko godt kan kome ut or det heile.

For sjølv om det ser som mørkast ut no, kan ein stole på morgongry. Og då skal eg opp og sjå sola som renn frå Indiahavet på ny.



I Tanzania, der Klaus Mohn har vore den siste veka, har dei austkyst og kan sjå sola glade frå havet. Hos oss søkk ho i havet i vest. Her går sola òg ned for oljealderen, men det vil snu, ikkje sant? Snart? Eller vil det? Og viss ikkje, kor ille vil det vere?

FOTO: SHUTTERSTOCK/SCANPIX

Replikk Sykling

Marka- grenser

Stavanger er ikke stor i utstrekning, men det er mer enn nok plass til alle som vil bruke friområdene.

Ett av bystyrets fremste velgerombud, Frp's Leif Arne M. Nilsen, bommet grovt da han forrige uke forsøkte å få kommunalstyret for miljø og utbygging (KMU) med på et forbud mot terrengsykling i Sørmarka. Det skal bygges en sykkelbane i området, og Nilsen mener syklistene kan holde seg der.

Nedstemt

Forslaget, som ble begrunnet med at han hadde fått henvendelser fra folk som var plaget av syklistene på sin ferd gjennom Sørmarka, ble dundrende nedstemt.

Det er helt sikkert syklistene som ikke viser hensyn. Det er også helt sikkert gående som bevisst går mange i bredden for stoppe syklistene, hundeeiere som sperrer veien med lange bånd eller joggere med altfor spisse albuer. De fleste finner likevel sin plass, sin sti eller sin løype i Stavangers tursystemer. I Aftenbladets arkiver er det ikke mulig å finne stoff om en eneste alvorlig ulykke i dette terrenget.

Det er plass til alle i Stavangers turområder. Det handler om å vise respekt for hverandre og oppføre seg bra. Kardemommeloven holder godt mot Nilsen-loven, noe også Kristen Høyer-Mathiasen (H) fikk KMU med på.

Naturskapt

Sannsynligvis visste ikke Nilsen at forslaget hans ville ramme hundrevis av barn og unge, helt ned i 8-10-årsalderen, som elsker å sykle over bekker, renne gjennom de naturskappede tunnelene av greiner fra høye trær, forsere myrer og balansere på små stup. Sørmarka er viktigere for dem enn for voksne menn som trener til Nordsjørittet.

Mye av denne, delvis uorganiserte treningen, skjer helt ute av syne for de som går tur på de anlagte turveiene, fordi det er et naturlig terreng å øve seg i for de som vil lære å beherske sykling. Av en eller annen grunn får alltid syklistene skylden for alt som er galt, enten det er i trafikken eller friområdene. Å lage egne markagrenser mot dem er likevel ikke veien å gå.



Lars Helle
Sjefredaktør

MER DEBATT
SIDE 22-23

Investorer som googler Stavanger
Harald Minge, adm. dir. i Næringsforeningen
Smartby er mer enn IT og kommunikasjon
Knut Skjæveland, prosjektleder, Energianlegg AS

Pressens faglige utvalg (PFU) er et klageorgan oppnevnt av Norsk presseforbund. Organet, som har medlemmer fra presseorganisasjonene og fra allmenheten, behandler klager mot pressen i presseetiske spørsmål (trykt presse, radio og fjernsyn).

Aftenbladet betinger seg retten til å publisere i alle Aftenbladets mediekkanaler, herunder å legge stoffet inn i et elektronisk arkiv eller andre databaser som avisen samarbeider med. Unntak fra dette må avtales skriftlig. Publiseringvilkårene gjelder for såvel honorert som ikke honorert stoff.